

Valprogram for Voss Venstre 2019-2023

Venstre er eit sosialliberal part. Det betyr at me set enkeltmennesket i sentrum, samstundes som me skal ta vare på fellesskap og miljø. Fridom til å forma eige liv kjem når ein har reell valfridom, uavhengig av bakgrunn, ressursar eller identitet.

Me vil at Voss herad skal vera ein god stad å leva, for alle, i alle aldrar, med alle føresetnadar og draumar. Voss herad skal vera ein god stad å få omsorg når du treng det, og eit nyskapande herad som legg til rette for nye arbeidsplassar og vekst.

Voss herad skal vera grønt, moderne og framtidsretta samtidig som me tar vare på tradisjonane. Voss Venstre går til val for ein klima- og miljøvenleg kommune med høg verdiskaping frå eit variert næringsliv, eit rikt kulturliv og like moglegeheter for alle.

Voss herad skal vera eit spanande, sterkt og attraktivt herad, med alt som Voss og Granvin kan utvikla saman!

Venstre ønskjer å utvikla Voss som regionsenter, men ser det som svært viktig også å leggja til rette for ei positiv utvikling for lokal- og nærsentra i heile heradet.

Me vil ta heile heradet i bruk, sjå mot og vera på lag med framtida!

Innhald

- 1. Miljø og naturressursar
 - 1.1 Offentleg ansvar
 - 1.2 Flaumsikring
 - 1.3 Vossolaksen
 - 1.4 Granvinsfjorden
 - 1.5 Elektriske fly
- 2. Helse og omsorg
 - 2.1 Psykiatri og rusomsorg
 - 2.2 Eldreomsorg
 - 2.3 Fattigdom og bustadsosiale tiltak
 - 2.4 Nedsett funksjonsevne
- 3. Barn og utdanning
 - 3.1 Barnehage
 - 3.2 Skule
 - 3.3 Barnevern
 - 3.4 Høgskuleutdanning på Voss
- 4. Næring, turisme og gründerskap
 - 4.1 Landbruk
 - 4.3 Reiseliv
 - 4.2 Gründerskap og nyskaping
- 5. Kultur og frivillighet
 - 5.1 Frivillige og ideelle organisasjoner
 - 5.2 Kunst, kultur og idrett
- 6. Bygdeutvikling og samferdsel
 - 6.1 Sentrumsutvikling
 - 6.2 Grendeutvikling
 - 6.3 Sykkelbygd og miljøvenleg transport
 - 6.4 Trafikksikkert herad
- 7. Mangfold og inkludering
 - 7.1 Ei internasjonal bygd
- 8. Eit demokratisk Voss herad
 - 8.1 Openheit og personvern

1. Miljø og naturressursar

Voss herad skal ha ein aktiv miljøpolitikk som sikrar komande generasjonar moglegheiter til eit godt liv. Vår politikk er framtidsretta, open og i tråd med FN sine berekraftsmål. Venstre ønskjer å ta vare på og vidareutvikla vår mangfaldige natur, der rein luft, reint vatn og biologisk mangfald står i sentrum.

Miljøomsyn vev seg inn i alle politikkområde, om det så gjeld samferdsel, næringsliv, reiseliv, utdanning eller landbruk. Venstre vil halda fram miljøperspektivet i all vår politikk.

1.1 Offentleg ansvar

Venstre meiner at Voss herad skal spela ei aktiv rolle i å redusera klimagassutslepp. Det handlar først og fremst om å stilla miljøkrav til utbyggjarar og heradet sin eigen aktivitet. Voss herad skal vera lengst framme i klimakampen, leggja til rette for at det er enklare og billegare å velja grønt, og leggja til rette for nye og innovative løysingar. Venstre vil at Voss herad skal ha eige klimarekneskap frå 2021. Det skal leggjast til rette for omfattande bruk av bioenergi. Miljø- og klimaplanen skal rullerast slik at den vert ein plan med store ambisjonar for framtida.

1.2 Flaumsikring

Dei store vassdraga som Raundalselva, Bordalselva og Strandaelva er for det meste til glede for innbyggjarane. Men ved ekstremver flymmer dei over, og med fare for alvorlege skader. Gjennom arbeidet for å sikra mot framtidige flaumar vil Venstre bidra til at det skal vera trygt å bu langs vassdraget også i framtida.

Flaumreduserande tiltak må setjast inn oppstraums Vossevangen for at dei skal ha monaleg effekt. Spesielt er dette viktig for at Evanger og Bolstad skal veksa inn i framtida som gode og trygge lokalmiljø med ein robust infrastruktur.

1.3 Vossolaksen

Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på dei attverande laksestammene av atlantisk laks. Vossolaksen er mellom dei mest særeigne laksestammene både pga. sitt lange opphold i sjø og pga. storleiken på fisken. Storlaksestamma i Vosso er difor ein unik biologisk ressurs i nasjonal og internasjonal samanheng.

Vossolaksen utgjer ein stor kulturell verdi, og har potensiale for fiskebasert næringsliv, reiseliv og anna verdiskaping i regionen. I tidlegare utgreiingar har ein kalkulert med at ein haustbar laksebestand i Vossovassdraget truleg representerer årlege turistinntekter på mellom 20 og 30 millionar kroner.

Truslane mot Vossolaksen er, og har vore, mange: regulering av vassdrag, lakselus, giftstoff, sur nedbør, rømt oppdrettsfisk, senking av vassdrag, vegbygging, flaum. Venstre vil halda fram kampen for å redda Vossolaksen. Me vil vera ein pådrivar for forskingsprosjekt og overvakning, samt jobba aktivt for å sikra minstevassføring i Teigdalselva og Bolstadelva om vinteren. Me vil gå mot inngrep i Vossovassdraget vest for Vossevangen. Flaumsikring for framtida må skje oppstraums Vossevangen.

1.4 Gravinsfjorden

Venstre vil leggja til rette for bruk av Gravinsfjorden i næringssamanhang. Men framtidig aktivitet må tilpassast eksisterande miljø og vera klimavenleg. Venstre vil ha ein rein Gravinsfjord som inviterer til allmenn bruk og tilgang til strandsoner.

1.5 Elektriske fly

Ei omlegging til elektrifisering av flytilbodet er i rivande utvikling.

Allereie innan 2025 ser ein føre seg at teknologien er på plass for persontrafikk med elektriske fly. Dette er eit viktig klimatiltak som gjev oss moglegheiter for å tenkja annleis kring samferdsel. Voss Venstre vil jobba for å etablera kompetansearbeidsplassar knytt til utvikling av teknologien lokalt, der ein god testarena er naudsynt.

Voss si geografiske plassering, sentralt på vestlandet mellom fjord og fjell, vår tilgang til flyplass lokalt og nærliek til Flesland og kortbanenettet i Sogn, gjer det til ei unik moglegheit for oss. Elektriske fly skapar betydeleg mindre støy, treng kortare rullebanar, er klimavenlege og vil gje næringslivet lokalt eit løft. Venstre vil sikra flyplassdrift i Bømoen for framtida.

Venstre vil:

- ✓ sikra flyplassdrift i Bømoen for framtida, og der utvikling av el-fly står sentralt
- ✓ jobba for flaumsikringstiltak som både tek omsyn til miljø og infrastruktur
- ✓ samla opp/hindra spreiling og etter kvart fasa ut bruken av gummigranulat på kunstgrasbanar
- ✓ sikra vasskjeldene slik at også framtidige generasjonar skal ha tilgang på rent vatn
- ✓ verna myrområde og dyrka mark mot irreversible endringar
- ✓ ha eige klimarekneskap for Voss herad
- ✓ ha moderne energieffektive løysingar i alle kommunale bygg, td. grunnvarme, solenergi, varmegjenvinning, bioenergi og varmepumpesystem
- ✓ oppretta eit ENØK-fond som støttar private initiativ for klimavenlege- og energisparande tiltak; t.d. solcellepanel, grunnvarme og bruk av massivtre i bygning.
- ✓ at minimum 75 % av nykjøp av kommunale bilar skal vera energivenlege; el-bil, hybrid eller nytta biogass
- ✓ fornya miljø- og klimaplanen i løpet av neste valperiode 2019-2023. Me treng ein plan med ambisjonsrike tiltak for framtida
- ✓ at Voss herad skal nytta insektsvenlege vekstar ved nyplanting

2. Helse og omsorg

Voss herad skal vera ein god stad å vera - heile livet! Grunnlaget for god folkehelse vert primært lagt utanfor helsevesenet, i oppvekst og ungdom. Det er dei universelle tiltaka som er viktigast for innbyggjarane si helse; ein god barnehage, ein god skule, eit inkluderande arbeidsliv og deltaking i frivillige aktiviteter som idrett og friluftsliv. Voss herad må difor m.a. ivareta friluftsareal som legg til rette for alle type brukarar. Td. Prestegardsmoen og Bømoen.

Fysisk og psykisk helse må sjåast i samanheng med styrking av eksisterande - og etablering av nye helsetilbod. Gode pleie- og omsorgstenester er grunnleggjande tilbod som må vera organisert på ein forsvarleg måte. Ved å halda fast i det me veit fungerer i dag, samstundes som me vågar å gå nye vegar, er me trygge på at helse- og omsorgstenestene vil utvikla seg for å møta framtida på ein god måte. Teknologi er godt etablert i helsetenestene som gode hjelpemiddel, men teknologi kan ikkje erstatta nærliek, omsorg og sosiale møteplassar. Det må me ha med oss i planlegginga av helsetenestene i Voss herad. Frivillige organisasjonar, familie og offentlege tenester må finna dei gode løysingane saman.

Voss kommune og Granvin herad vert no til Voss herad. Det har medført ei endring i tilbodet om helsetenester i Granvin. Flytting av helsestasjon og legekontor har fått mykje merksemd og er ei hjartesak for mange i Granvin. Voss Venstre ønskjer ei nærmere utgreiing velkommen.

2.1 Psykiatri og rusomsorg

Psykisk uhelse og rusutfordringar kan ramma oss alle. Det kan vera vanskeleg for den enkelte å snakka om, det kan vera vanskeleg for omgjevnadane å fange opp, det kan vera ubehageleg å spørja ein klassekamerat eller kollega om korleis han eller ho har det. Dårleg psykisk helse kan få stor innverknad på eit menneske sitt liv, i tillegg til menneska i nettverket rundt. Psykisk uhelse og skadeleg og/eller ulovleg bruk av rusmiddel kan førebyggast.

Me vil sikra tidleg innsats, ha auka fokus på førebygging og styrka lågterskeltilbod innan psykisk helse. Psykisk helse har me heile livet, og førebygging og tiltak må derfor vera tilgjengeleg for alle aldersgrupper.

For å få til dette må me sikra at tilsette i skule og barnehage har kompetanse og tid til å fokusera på livsglede, mestring, eigenverd og trivsel. Enkelte born treng støtte til å oppleva livet som meiningsfylt. På same måte vil me at helsepersonell i sjukeheimar og heimesjukepleie har tilstrekkeleg kompetanse til å avdekka symptom på psykiske lidningar som f.eks. depresjon hjå eldre.

Voss Venstre vil at informasjon om tenestetilbodet innan psykisk helse og rus er lett forståeleg og tilgjengeleg, mellom anna på heradet sine nettsider. Tilbod med kommunepsykolog som eit stabilt og etablert tilbod for innbyggjarane må etablerast og inngå i tverretatleg samarbeid. Me vil at det tverretatlege samarbeidet vert styrka for å sikra at kompetanse på psykisk helse og rus vert nytta der det er behov, både innan helse og oppvekst.

2.2 Eldreomsorg

Me lever stadig lenger, og eldre er ein større del av befolkninga enn tidlegare. Det er positivt at fleire får oppleva lange og gode liv, og eldre er ein stor ressurs i samfunnet. Samstundes er det også mange eldre som treng tilrettelegging i kvardagen.

Dei fleste ønskjer å bu heime så lenge helsa tillèt det. Enkle tiltak og ny teknologi gjer dette mogleg for fleire enn tidlegare. Tryggleiksalarmar som fungerer både heime og ute, elektroniske medisindispensarar, handtak, fjerna dørtersklar og fallsensorar, er eksempel på tiltak som aukar tryggleiken i kvardagen. Voss Venstre ynskjer ei større satsing på tryggleikstiltak og velferdsteknologi for å gje dei eldre ein trygg heim så lenge som mogleg.

Me vil at det vert bygd nok omsorgsbustader til dei som ønskjer og treng det, samstundes med at me også vurderer nye tiltak som er tilpassa brukarane sine behov. Ikkje alle treng ein sjukeheimspllass, men alle treng tryggleik for å ha ein god kvardag.

Voss Venstre har i mange år jobba for å få bygd omsorgsbustader på Udlabu-tomta. Dette prosjektet er no i ferd med å verta realisert, og planane ser spanande og inspirerande ut. Me ynskjer no å legga planar for tomta i Lekvebakken til eit helsebygg med variasjon i buformer med tilknytta service-funksjonar.

2.3 Fattigdom og bustadsosiale tiltak

Voss herad skal vera ein trygg stad, for alle. Saman med ideelle organisasjonar og sosiale entreprenørar er det vårt ansvar å finna løysingar som gjer kvardagen lettare og meir førseieleg for utsette grupper. Me må gjera ein innsats for at alle med trang økonomi får så gode liv som mogleg, og samstundes hindra at fattigdom går i arv. Å veksa opp i fattigdom gir born færre alternativ i livet, gjer det vanskelegare å delta i fritidsaktivitetar og å skaffa seg ei god utdanning. Barnet sin bakgrunn skal ikkje avgrensa moglegheiter i framtida. Kampen mot fattigdom er ei høgt prioritert sak og me vil starta med å ta vekk heile barnetrygda frå inntektsgrunnlaget ved berekning av sosialhjelp.

2.4 Nedsett funksjonsevne

Samfunnet har skapt hindringar som gjer det vanskeleg for mange med nedsett funksjonsevne å delta i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske. Venstre vil arbeida for eit universelt utforma samfunn som sikrar tilgjenge for alle. Det gjeld sjølvsagt i offentlege bygg og transport, men også i arbeidslivet og på sosiale arenaer og skal visa att i bygdebildet. Alle kommunale kontor, tenester, skular, barnehagar skal leggjast til rette med universal utforming. Me skal nytta inkluderingsdugnaden for at fleire med nedsett funksjonsevne skal koma i arbeid. Alle kommunalavdelingar må jobba for å sikra slik rekruttering. Venstre vil også jobba for at fleire med nedsett funksjonsevne skal ta høgare utdanning, leva meiningsfulle liv og få realisert sine draumar.

Venstre vil:

- ✓ sikra friluftsområde i Bømoen for framtidige generasjonar
- ✓ fleire omsorgsbustader og auka tilbod i heimesjukepleie
- ✓ sikra at eldre kan bu heime lenger, gjennom tiltak som "førebyggjande team" og vaktmeistertenester
- ✓ styrka avlastningstilbodet for pårørande til menneske med demens
- ✓ nytta tomta i Lekvebakken til variert helsetilbod med tilhøyrande service-tenester
- ✓ at Voss herad skal vera ein føregangskommune når det kjem til bruk av velferdsteknologi
- ✓ auka kompetansen på psykiatri og rusbehandling hjå helsepersonell
- ✓ sikra at kommunale bustader finst i alle delar av heradet
- ✓ at lov om universell utforming vert handheva
- ✓ aktivt bidra til at menneske med nedsett funksjonsevne lettare kjem seg inn i arbeidslivet

3. Barn og utdanning

I Voss herad skal alle barn og unge få moglegheit til å utvikla sine evner og finna sin plass gjennom leik, fellesskap og læring. Ei av dei viktigaste oppgåvene me har som samfunn, er å sjå til at ungdom kan gå ut i arbeidslivet med solide kunnskapar og ferdigheter, og med nyfikenhet og kreativitet som kan bidra til nyskaping og framtidsretta løysingar.

Alle barn er ulike. Voss herad skal vera ein stad for leik og læring der mangfaldet av barn og unge får utvikla seg. Barnehage og skule skal gje barn motivasjon, uavhengig av interesser, og det skal leggjast til rette for alle. Mogleheter til valfri fordjuping, utforsking og læring i ulikt tempo er ein føresetnad for god læring og utvikling.

Venstre ønskjer prøveprosjekt med leksefri skule. Det finnes ulike løysingar for leksefri skule. Voss herad må henta inn erfaringar og sjå på kva mogleheter som finst. Elevane sjølv har løfta saka politisk tidlegare, utan å nå fram. Me meiner det no finst erfaringar som tilseier at det kan vera tid for å sjå på nye ordningar for lekser. Lat oss ta ungdomen på alvor og lat oss sjå på nye løysingar! Det er ikkje sikkert lekser er einaste løysing for framtida.

3.1. Barnehage

Barnehagen er ein viktig arena for sosial trening og integrering. Barnehagen skal vera ein stad der små menneske lærer å møta ei større verd gjennom leik, mestring og læring - og har ein trygg arena til å utvikla seg. Å leggja til rette for gode barnehagar som ein del av grunnlaget for ein trygg, utviklande og god oppleving, er noko av det viktigaste me gjer.

Voss Venstre vil jobba for søskenrabatt uavhengig av om eit barn går i barnehage og eit barn på SFO. Me vil ha garantert barnehageplass for alle born, uansett når dei er fødde i året. Nok barnehageplassar og kompetente og motiverte tilsette er grunnlaget for å nytta potensialet som barnehagen har for barna si framtid.

Barnehageplass er avgjerande for mange når dei vel stad å busetja seg. Me ønskjer at folketalsvekst skal skje i heile Voss herad. Då må det også finnast reelle tilbod om barnehage der folk skal bu og arbeida.

3.2 Skule

Venstre sin skulepolitikk legg til grunn at ingen elevar er like, men alle skal ha moglegheit til å nå sitt potensiale. Elevar, føresette og skulen skal ha høve til å velja mellom ulike læringsmetodar. Det er viktig med eit utdanningstilbod som speglar det mangfald me finn mellom elevane. For å skapa eit slikt mangfald må skulen ha fridom til å styra eiga utvikling og bruk av verkemiddel til å rekruttera og behalda dyktige og engasjerte lærarar som ser kvar einskild elev. Skulen skal vera ein god arena for læring og personleg utvikling.

Dei føresette har eit stort ansvar for å legga til rette for barna sin sosiale og faglege utvikling. Venstre vil styrka samarbeidet mellom skulen og heimen. Venstre vil tilby rettleiing også til heimen om korleis dei kan følgja opp skulekvardagen på ein god måte, og at det vert tatt kontakt med føresette som ikkje deltek på fellesmøte eller elevsamtalar. Venstre vil opna for fleksibel skulestart for ungar som er fødde svært seint eller tidleg på året. Me vil ha eit system som tek omsyn til barnet sine individuelle behov og utvikling.

Me vil at 1. – 3. klassesteg skal fleire utedagar med undervisning der nærområde og naturen vert teke i bruk. Overgang frå barnehage til skule er stor for dei fleste ungar, og me vil gjera overgangen enklare ved at fysisk aktivitet framleis er ein stor del av dagen, også i skulen.

Utdanningssystemet er i stadig endring. I ei tid med Google og Wikipedia berre eit tastetrykk unna, må fokuset i skulen gå frå faktabasert læring, til meir kritisk vurdering av fakta. Ein skule for framtida er ein skule der elevane får pirra si nyfikenhet og sin kreativitet. Venstre meiner difor digitalisering i skulen må prioriterast.

Me vil at kreative fag framleis skal ha ein sentral plass i skulen, og ivareta og utvikla kultur gjennom musikk, handarbeid, teikning, sløyd, dans og andre former for uttrykk. For mange elevar er dette også arbeidsformer som er avgjerande for motivasjon og utvikling.

3.3 Barnevern

Familien står for den viktigaste delen av oppveksten. Nokon gonger treng familiar støtte i vanskelege situasjonar. Andre gonger må barna få naudsynt tryggleik og omsorg hjå andre når eigen familie sviktar. Voss Venstre vil ha god og rask hjelp tilgjengeleg for både barn og vaksne som har trøng for det. Barnevern og fosterheimsordningar er heilt sentrale i dette tilbodet. Voss Venstre ynskjer å styrka barnevernet med både kompetanse og tilsettressursar for å sikra born og familiar den hjelp dei treng. Me vil ha tettare samarbeid mellom barnevern, politi, skule, psykisk helsevern og familie. Me vil jobba for at barnevernsvakt kjem i stand så raskt som mogleg i samarbeid med andre kommunar.

3.4 Høgskuleutdanning på Voss

Voss herad må igjen arbeida aktivt for etablering av utdanning på høgskule- og universitetsnivå. Desentralisert utdanning innan sjukepleie og lærarutdanning, samfunnstryggleik og beredskap, turisme og marknadsføring, er eksempel på tilbod som Voss herad må arbeida for å få lokalt.

Venstre vil:

- ✓ ha kraftig auke i fysisk aktivitet i skulekvardagen for 1.-3. klasse
- ✓ satsa på digitalisering i skulen
- ✓ utvikla moglegheiter for nettbasert undervisning for elevar med kort- eller langtidsfråver
- ✓ satsa på tidleg innsats i barneskule med ekstra ressurs for å sikre at alle born så snart som mogleg opplev mestring
- ✓ satsa på vidareutdanning av lærarar
- ✓ starta prøveprosjekt med leksefri skule
- ✓ ha ei ordning for fleksibel skulestart
- ✓ laga ein bindande og langsiktig plan for rehabilitering av skule- og barnehagebygg
- ✓ halda fram satsing på symjeopplæring for skule- og førskuleborn
- ✓ oppretthalde barnehagetilbod i alle delar av heradet
- ✓ styrka seksualundervisninga i skulen, med oppdatert kunnskap i tema som identitet, kjønn, seksualitet og samfunnsnormer

4. Næringsliv

Venstre kjempar for eit mangfaldig, nyskapande og grønare næringsliv som er avgjerande for å halda oppe eit godt velferdsnivå. I Voss herad finst allereie mange kreative og motiverte etablerarar som står for stor verdiskaping. Venstre vil halda fram med å stimulera til etablering av små og mellomstore bedrifter lokalt, samstundes som me vil heia på dei som vrir drifta i ei grønare retning!

4.1. Landbruk

Venstre ønskjer ein berekraftig matproduksjon med lågast mogeleg utslepp, og som sikrar trygg mat til innbyggjarane. Det er viktig å nyttar naturgjevne tilhøve, som til dømes dei rike beiteressursane me har i kommunen. Kunnskapen me har i dag tilseier at behovet for produksjon av grønsaker og frukt vil auka i framtida. Venstre vil sjå på moglegheiter for auka satsing på denne næringa for framtida.

Heradet må samarbeida med landbruksorganisasjonane og nyttar den kompetanse og erfaring som finnes lokalt for å få til dette. Me støttar lokale matprodusentar og småskalaproduksjon av lokalmat som fremjar lokal mattradisjon og vekst i ei viktig næring.

Jordvernet er ei føresetnad for framtidig matproduksjon. Venstre vil sikra vern av produktiv matjord mot irreversible endringar, og vil praktisera strengt jordvern. Samstundes vil me leggja til rette for heimedyrka mat, også i sentrumsområde, gjennom stønadsordningar til etablering og drift av parsellhagar.

Venstre ønskjer å oppretthalda eit landbruk som gjev flest mogleg bønder grunnlag til å driva føreseileg. I mange høve vil det vera behov for tilleggsareal for å oppretthalda eit levedyktig bruk. Dersom bonden har høve til å kjøpa tilleggsgjord frå nabogardsbruk som ikkje er i aktiv drift, vil Venstre leggja til rette for det, sett at partane sjølv ser det som føremålstenleg.

4.2 Gründerskap og nyskaping

Venstre meiner at Voss herad må ha ein strategi for korleis me skal sikra nyskaping for framtida, samstundes som me byggjer vidare på den kultur for innovasjon og nyskaping som allereie står sterkt her. Både gjennom entreprenørskap i skulen, og ved tett samhandling mellom offentlege aktørar og næringslivet kan me i større grad støtta dei som torer å satsa. Me må jubla for dei som får det til, enten det gjeld eit teknologiselskap eller ein kaffibar! Heradet må ha eit mangfald av arbeidsplassar som kan tiltrekkja seg alle typar menneske. Dette krev godt samarbeid mellom offentleg og privat sektor.

4.3 Reiseliv

Voss herad har eit rikt kultur- og idrettsliv og tett nærliek til mektige naturopplevelingar. Venstre vil satse på berekraftige opplevelingar der naturen er utgangspunkt. Det må satsast på at turistane opplever heile Voss, like mykje som at mange nyttar Voss som knutepunkt for vidare reise. Venstre vil støtta vidareutvikling av berekraftige opplevelingar og aktivitetar, og samarbeida med nabokommunar for å gje turisten ei unik oppleveling av Vestlandet og vår region.

Venstre ønskjer at Voss herad skal ta inn reisemålsbidrag frå turistar som ei finansiering av lokale fellesgode. Venstre vil sikra at Voss som reiselivsdestinasjon vert ivaretake for framtida, der oppgradering av infrastruktur og nyskaping vert prioritert. Pengar som kjem inn må øyremerkast til fellesgode som det er behov for som ein konsekvens av at mange turistar kjem her. Desse pengane må difor ikkje forsvinna inn i kommunekassa.

Venstre vil sjå på detaljar knytt til korleis bidraget kan innrettast for å skåna lokal hotelleidrift særskild, ettersom dei allereie har opplevd auka moms.

Venstre vil:

- ✓ sikra eit strengt jordvern og leggja til rette for meir lokal matproduksjon
- ✓ ha auka produksjon av frukt og grønsaker i vår region
- ✓ at bønder fortrinnsvis skal eige jord i staden for å leige jord
- ✓ at lokalprodusert mat skal vera første val for heradet sine eigne kjøkken
- ✓ at Voss herad skal verta ein attraktiv stad for kurs og konferansar
- ✓ halda ved like eksisterande- og utvikla nye "turistmagnetar" i heile heradet
- ✓ styrka innovasjon og gründerskap som tema i heile skuleløpet gjennom samarbeid med "ungt entreprenørskap" og lokalt næringsliv
- ✓ dobla tal lærlingar i heradet til å bli 2 pr. 1000 innbyggjar
- ✓ aktivt arbeida for rekruttering til yrkesfag
- ✓ ta i bruk reisemålsbidrag for å oppgradera infrastruktur som reisedestinasjon
- ✓ betra infrastruktur for auka turisme – toalettkapasitet, turistinformasjon, kollektivtransport, serveringsstader og guide-tilbod

5. Kultur og frivilligheit

Voss herad skal ha eit mangfaldig og levande kulturliv som utfordrar samfunnsdebatten, er dagsaktuell, men som også vil ivareta det tradisjonelle innan kulturlivet. Kulturlivet, kunsten, media, organisasjonar og sivile fellesskap skal ikkje vera instrument for kommunen, men leva i kraft av seg sjølv og utfordra og utvikla samfunnet uavhengig av politiske mål.

5.1 Frivillige og ideelle organisasjonar

Frivilligheita og dei ideelle organisasjonane er ein viktig berebjelke i det norske samfunnet der enkeltpersonar kan delta etter sine eigne føresetnader til beste for både seg sjølv og andre. Venstre vil satsa på breidda i frivillig sektor og bidra til å stimulera fleire til å delta i frivillig arbeid. Voss herad skal motivera til frivilligkeit og deltaking frå ideelle organisasjonar ved å gje føreseielege rammer både økonomisk og organisatorisk. Om det dreier seg om ungdomsarbeid, støttekontakt for eldre eller beredskapsorganisasjonar, så er dette viktige berebjelkar i lokalsamfunnet.

5.2 Kunst, kultur og idrett

Venstre ønskjer å stimulera til eit mangfaldig kulturliv og skapa gode arenaer for møte med kunst og kultur. Kultur skaper kreative menneske til glede for seg sjølv, samfunnet og næringslivet. Det er viktig at kulturlivet har rom for både organisasjonar og enkeltindivid. Venstre meiner det er ei offentleg oppgåve å støtta kulturuttrykk som ikkje er kommersielt berekraftige, både hjå profesjonelle og amatørar.

Samstundes skal Voss herad vera ein god samarbeidspart for utøvarar og arrangørar for eit breitt spekter av uttrykk.

Venstre ynskjer ei aktiv, deltagande og kreativ kulturavdeling som deltar i samfunnsdebatten og er offensiv på kulturens vegne. Dette føreset at dei både får naudsynt politisk mandat og at rammene er gode nok.

Voss herad er for mange synonymt med medaljar i store meisterskap. Slik ønskjer me også at det skal vera i framtida. Samstundes må stimulering av breiddeidretten stå i fokus for at idretten som sosial arena skal utvikla seg vidare og der born og unge kan finna eit tilbod. Gode idrettsarenaer må sikrast i alle delar av heradet.

Voss herad er kjent for mange som ei bygd der friluftsliv står sentralt og er ein godt integrert del av vår kultur og identitet. Kort veg til friluftsområde uansett kva funksjonsnivå ein har er viktig. Venstre meiner dette er ein kvalitet det er verd å kjempe for, og me vil bidra til eit mangfaldig, miljøvenleg og helsefremmende friluftsliv. Venstre vil vera garantist for at Bømoløypa, nettveket av stiar og flyplassen skal sikrast for årmenta!

Idrettens olympiade har teke initiativ for å skapa eit bærekraftig OL og det er noko Voss Venstre støtter. For oss er det klart at Noreg har eit ansvar og nok kapasitet til å få OL tilbake på eit bærekraftig spor. Både med tanke på miljø, menneskerettar, idretten og lokal vekst, er det på tide at Noreg melder seg på. Me ynskjer velkommen eit OL som er nøkternt med ein miljøprofil for framtida.

Venstre vil:

- ✓ sikra ålmenn bruk av Bømoløypa og nettverket av stiar i Bømoen for framtida
- ✓ arbeida for at alle skular får formingssalar og kjøkken
- ✓ etablera barneteater ved Voss kulturskule
- ✓ halda oppe dagens kulturskule-tilbod i Granvin og auka kapasiteten i kulturskulen på Voss.
- ✓ jobba for OL til Noreg i 2030. (Idrettens olympiade)
- ✓ auka fokus på musikk og lokal musikkultur gjennom kurs/etterutdanning av musikklærarar i Voss herad
- ✓ rullera kulturminneplanen for å omfatte bygningshistorikk. For eksempel svenskehus i hagebyen, folkehøgskulen og andre byggverk som er ein del av Voss sin identitet
- ✓ gje kommunalt tilsette rett på fri til frivillig innsats når det gjeld redningsoppdrag og beredskapsinnsats

6. Bygdeutvikling og samferdsel

Med ei samanslåing av Granvin herad og Voss kommune og sterke stasjonsgrender, ligg alt til rette for eit slagkraftig og framtidsretta herad. Me skal utvikla eit herad der modernisering og historie utfyller kvarandre og der folk buset seg og skapar liv i heile heradet.

6.1 Sentrumsutvikling

Voss herad er i stadig utvikling. Me må ta inn over oss tida me lever i med entusiasme og kreativitet, samstundes som me vidareutviklar Voss sin eigen identitet. Eit sentrum skal ha plass til næringsliv, bustadar, kulturaktørar og gode møteplassar. Me vil ha eit sentrum som satsar på grøn transport, attraktive sentrumsnære bustadar og gode stader å vera.

Heradet skal vera ein viktig støttespelar til dei private aktørane i sentrum, som driv handel, serveringsstader og kulturtild. Næringslivet i sentrum er avgjerande for aktivitet, attraktivitet, trivsel og ikkje minst som leverandør av tenester og varer til innbyggjarar og tilreisande.

Nye prosjekt og idear for bustader står i kø for Vossevangen. Dei skal vera av ein karakter som skaper gode bamiljø og som tar i vare eigenart og historie. Sentrum skal ha varierte bustadar tilpassa småbarnsfamiliar, studentar, einslege, eldre og personar med funksjonsnedsetting.

Gjennom arbeidet med ny sentrumsplan ynskjer Voss Venstre at våre historiske byggverk skal framhevest. Kyrkja, førkrigsbygningar og etterkrigsarkitektur, Fleischers hotell og skulebygg på gymnashaugen er eksempel på slike. Me ønskjer at Vangen skal vera ein spanande stad der nytt og gammalt møter kvarandre i trygge uterom.

Vangen må behalda sin landsbykarakter med små torg, spanande butikkar, hyggelege møteplassar og tryggleik for mjuke trafikkantar.

Venstre ønskjer å prøva ordningar med stenging av Vangsgata på tider der aktiviteten er høg, spesielt under arrangement, i helger og høgtider. Me vil ha ei prøveordning med einvegskøyring.

6.2 Grendeutvikling

Venstre vil satsa på bustadutvikling i grendene. I Granvin og fleire andre grender er det auka etterspørsel etter tomter. Me må leggja til rette for tilgang på bustadtomter også utanfor sentrum. Det er ein føresetnad for å halda oppe og auka i folketal i heile Voss herad. Det må vera høve til spreidd bustadbygging. Busetting i heile heradet er avgjerande for eit godt tenestetilbod, både innan helse, skule, samferdsel og barnehage. Samstundes må me planlegga utvikling knytt til stasjonane langs Bergensbana for å stimulera til vekst i vestre del av Voss herad. Voss Venstre ynskjer ikkje å prioritera bygging av bustadar i Bømoen. Me meiner det finst tilstrekkeleg areal i andre delar av heradet som må utviklast før ein i det heile vurderer å ta i bruk eit så verdifullt område som Bømoen.

6.3 Sykkelbygd og miljøvenleg transport

Venstre vil at sykkel skal vera første val for flest mogleg. Då må det bli tryggare å nyttja sykkel som framkomstmiddel. I samband med etablering av trafikknutepunktet vil me få på plass eit godt og samanhengande sykkelnettverk.

El-sykkel er ein raskt veksande marknad. El-sykkel aukar rekkevidda til folk flest og er eit reelt alternativ i staden for transport basert på fossil energi. Venstre ønskjer ladeinfrastruktur for el-syklar, omfattande tilbod av utleigesyklar og økonomiske støtteordningar ved innkjøp av ny el-sykkel. Ei sterkt satsing på el-sykkel vil bidra til at fleir får tilgang til større delar av heradet på ein rask måte og enklare tilgang til aktivitetar og tenester som finst, utan at ein er avhengig av kollektive løysingar eller bruk av eigen bil.

6.4 Trafikksikkert herad

Voss herad er i prosess med å revidera trafikksikringsplanen og i det arbeidet må me knyta oss til prosjektet om *"trafikksikker kommune"*. Prosjektet legg stort ansvar på heradet for å dokumentera sitt arbeid, planleggja tiltak, førebyggja og ta trafikktryggleik inn i folkehelsearbeidet. Mellom anna må heradet ha eit medvite forhold til korleis eigne tilsette oppfører seg i trafikken, ha rutinar for kjøp av transporttenester, inkludera trafikktryggleik i internkontrollsysteem med reglar for reiser i eigen regi, plassera ansvar på heradet si øvste leiing og ha trafikktryggleik som årleg tema i heradet sitt arbeidsmiljøutval. Vidare skal heradet ha ei oppdatert oversikt over trafikkulykker i eige herad og ha eit godt system for å handsama søknadar om skyss pga. farleg skuleveg.

Å arbeida bevisst med temaet i alle avdelingar og i politisk leiing er avgjerande for å få sett i verk gode og effektive tiltak. Trafikktryggleik er folkehelsearbeid i praksis og må difor satsast på. Voss herad skal vera eit trafikksikkert herad!

- ✓ ikkje prioritera bustadbygging i Bømoen før andre tilgjengelege areal er nytta
- ✓ satsa på eit variert bustadtibod i sentrumsnære område
- ✓ leggja til rette for at Vossevangen framleis skal utvikla seg som eit godt handels- og kultursentrum
- ✓ etablera nettverk av sykkelvegar som knyter nærrområda til sentrum
- ✓ utvikla ein sentrumsplan som dannar grunnlag for auka aktivitet, inkluderande miljø og trygge og attraktive uteområde for folk i alle aldrar
- ✓ fjerna minstekrav og innföra maksimumsnormer for parkeringsplassar knytt til sentrumsnære bustader
- ✓ aktiv jobbing for rask igangsetting av K5, og at stasjonsbygdene får ei positiv utvikling
- ✓ prioritera trygge skulevegar i heile Voss herad
- ✓ sjå til at det vert tilrettelagt for parkering og lading av sykkel i alle framtidige bygge- og utviklingsprosjekt for infrastruktur
- ✓ satsa på bruk av el-bussar så raskt som mogleg ved å etablera infrastruktur for lading
- ✓ legga til rette for bustadbygging i grendene, samt verna viktig friluftsareal for nedbygging

7. Mangfald og inkludering

Voss herad skal vera ein god stad for alle– ei stad med toleranse og mangfald. Venstre sin innvandrings- og integreringspolitikk er basert på liberale prinsipp om at alle menneske har ein grunnleggande fridom, ansvar for kvarandre og gjensidige rettar og plikter. Voss herad skal ha plass til alle, uavhengig av religion, kjønn, seksualitet, alder og andre ulikheter. Me meiner mangfald er ein stor verdi og bidreg til positiv samfunnsutvikling.

Me veit at det framleis finst haldningar mot LHBTIQ-personar og minoritetar, haldningar som hindrar at dei kan leva i fridom. Det er haldningar me ikkje ynskjer skal spreia seg. Me svarar med å snakka fram ulikskap, det unike og kvar sin individuelle rett til å leve eit trygt liv. Utsette grupper som rusmisbrukarar og innvandrarar skal møtast med respekt og få den hjelpe dei treng for å leva eit liv med verdigkeit. Venstre vil ha eit ekstra fokus på ungdom og born som kjenner seg utanfor ved å støtta etablering av møteplassar og ta del i den offentlege debatten for å bryta ned tabu og fordommar.

7.1 Ei internasjonal bygd

Menneske med bakgrunn frå heile verda har Voss herad som heimstad. Mangfaldet gir heradet mange moglegheiter til å knyte band på tvers av land og kulturar. Dette kan også vera med å gjera Voss herad til ein spanande stad for nyskaping og toleranse.

Venstre ønskjer at alle som bur i Voss herad skal nytta bygda aktivt og ha like moglegheiter til å delta i samfunnet. Opplæring i norsk, samfunnsfag og livssyn er avgjerande for deltaking. Arenaer for språkpraksis gir moglegheiter til å trena på norsk munnleg og er ein viktig føresetnad for integrering. Voss herad må leggja til rette for hospitering og arbeidstrening for framandspråklege i eigen organisasjon.

- ✓ ha ei tydeleg haldning til mobbing og trakassering – det er ikkje akseptabelt
- ✓ få fleire kvinner med innvandrarbakgrunn i arbeid gjennom mellom anna mentorordningar, språkpraksis og aktiv rekruttering.
- ✓ bidra til å skapa møteplassar for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar
- ✓ utvikla ambisiøse integreringsprogram for flyktningar
- ✓ etablera kompetansemiljø for religions- og kulturforståing som eit ledd i å førebyggja ekstremisme
- ✓ oppretta fleire arenaer for språkpraksis og alternativ læring
- ✓ utvida tilbodet om språktrening i arbeidstreningsprogram i kommunale bedrifter
- ✓ støtta frivillige organisasjonar som ønskjer å driva norskrening og inkluderingsarbeid

8. Eit demokratisk Voss herad

Voss herad skal ha eit levande demokrati der openheit og innsyn er ein viktig føresetnad. Voss herad må ha gode rutinar for sakshandsaming, og leggja opp til opne og gode prosessar, og ein må ha rutinar og etiske retningslinjer som bidreg til å byggja tillit mellom administrasjon og politikarar.

For å ivareta engasjement i alle deler av kommunen er det viktig å leggja til rette for nær kontakt mellom innbyggjarane og kommunen. Dette er tillitsskapande, og vil kunna bidra til ei god utvikling i heile kommunen.

8.1 Openheit og personvern

Me ynskjer oss ein open og fordomsfri debatt, der alle kan gje uttrykk for sitt syn utan å bli møtt med hets eller personangrep. Me vil lytta til innbyggjarane som engasjerer seg og ta innspel på alvor. Kvar og ein av oss har både rettar og plikter i kvardagen og i lokalsamfunnet vårt. Det inneber at me må ha stor grad av tillit til at kvar og ein av oss er i stand til å ta gode val for eigne liv. Alt innanfor dei rammer og normer som eksisterer i samfunnet.

Venstre vil at "meiroffentlegheits-prinsippet" skal nyttast i heradet og forsterka dette ved at alle heradsstyremøte, utvalsmøte og formannskapsmøte vert sende direkte på internett, samt lagra for seinare tilgang. På den måten vil alle ha tilgang og kunnskap om dei prosessar som fører til vedtak av offentleg interesse.

Digitaliseringa av Voss herad skal gje innbyggjarane enkel tilgang til informasjonen. I dagens samfunn der ein etterlet seg talrike digitale spor, må personvernet stå sterkt. Det må leggjast til rette for at Voss herad følgjer opp ansvaret sitt gjennom offentlegheitslova.

Voss Venstre vil:

- ✓ at tilsette i Voss herad skal ha tryggleik til å ytra seg
- ✓ nytta openheitsindeksen som rettesnor for å gjera Voss herad meir open
- ✓ utvikla nye og vidareutvikla eksisterande former for innbyggjarmedverknad
- ✓ "streama" formannskapsmøte og utvalsmøte gjennom kommune-tv
- ✓ nytta "meiroffentlegheit" som prinsipp for all administrativ og politisk sakshandsaming
- ✓ at nettsidene gjer det enkelt å følgja prosessar i konkrete saker av interesse
- ✓ at Voss herad si handsaming av personsensitive data skal vera i tråd med personverndirektivet